



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Våge, Hilde-Lill	Arkivkode: FA - C61
Arkivsaksnr: 13/161	Løpenr: 18/1647
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	22.02.2018	007/2018

Godkjenning av byggerekneskapen for nytt bibliotek på Bjørkheim

22.02.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS- 007/2018 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner prosjektrekneskapen for nytt bibliotek på Bjørkheim.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner prosjektrekneskapen for nytt bibliotek på Bjørkheim.

Dokument som er vedlagt:

Byggjerekneskap nytt biblioteklokale

sak 71 2014 Framtidig bibliotek i Samnanger (L)(89534)

Kjøpekontrakt datert 21.10.15 - Bibliotek på Bjørkheim (L)(113499)

Økonomirapportering pr april 2017 (L)(158527)

Fordeling av midlar til idrettsanlegg 2017 - tilsegn om kulturbyggmidlar

Partsbrev med uttale frå kontrollutvalet til byggerekneskap for nytt biblioteklokale på Bjørkheim

Uttalelse Samnanger kommune biblioteklokale

Kva saka gjeld:

Godkjenning av byggerekneskapen for nytt biblioteklokale på Bjørkheim.

Bakgrunn/Fakta:

Kontrollutvalet skal gje uttale til byggeprosjekt jfr reglement for kontrollutvalet, Samnanger

kommune sitt økonomireglement og internkontroll.

Kontrollutvalet sin uttale skal bygge på byggerekneskapen for nytt biblioteklokale på Bjørkheim og måten den er lagt fram på, samt dokumenta som saka omfattar:

- Byggerekneskap for nytt biblioteklokale på Bjørkheim
- Kjøpekontrakt med Bjørkheim Senter AS
- Saksframlegg vedr. Framtidig bibliotek i Samnanger (KS 071/14)
- Saksframlegg økonomirapportering pr. april 2017 (KS 021/17)
- Tilsagnbrev frå Hordaland fylkeskommune datert 21.09.17
- Vedtak i KS 057/17 – økonomirapportering pr. november 2017
- Deloitte sin uttale til byggerekneskapen

Dokumenta er vedlagt.

Utover det som kjem fram av dokumenta i saka, og revisjonen sin uttale, finn ein at prosjektet er utført på ein tilfredstillande måte.

Konklusjon

Byggerekneskapen med vedlegg som er lagt fram gjev eit godt og oversiktleg bilete av prosjekt for nytt bibliotek på Bjørkheim.